



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



BERGEN KOMMUNE

Norsk Kulturråd

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
201111989-1/644/ANIFJE1

Bergen, 28. oktober 2011

Cornerteateret - Ei satsing på det frie scenekunstheltet på Vestlandet

Det frie scenekunstheltet på Vestlandet har dei seinaste åra blitt betydeleg svekka, her vert det vist til uttalelse til Kulturdepartementet knytta til utarbeidinga av ny nasjonal strategi for dansekunst. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune arbeider med aktøra på feltet for å snu utviklinga, men det trengs også bidrag fra nasjonalt hold til å støtte opp under tiltak fra miljøa.

Cornerteateret er under etablering i den siste verneverdige produksjonshallen som er igjen frå Mjellem og Karlsen verftet. Denne skal vere eit profesjonelt produksjonslokale for fri scenekunst, og vil husa Proscen, nettverksorganisasjonen for scenekunst på Vestlandet, Vestlandske Teatersenter, opplæring og scenetilbod til barn og ungdom, og åpne produksjons- og kontorlokaler for frie grupper.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune støttar Cornerteateret som eit avgjerande løft for det frie scenekunstheltet lokalt og regionalt. Etableringa vil også ha fagleg verdi nasjonalt og vere ei plattform for norske kunstnarar internasjonalt. Vi ber om at Cornerteateret også vert prioritert av Norsk kulturråd.

Med vennleg helsing

Tom-Christer Nilsen
Fylkesordførar i Hordaland

Harald Victor Hove
Byråd for kultur, kirke, idrett og eierskap